



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev september 2020

Sidan sist

September er snart over og det merkast at kveldane er mørkare. Det er perfekt for meg som likar mørketida. Reknar med at alle klubbane har hatt sitt første klubbmøte og at alle er godt i gang. Kjekt å lesa om LC Stord-Fitjar som har hatt sitt månedlege treff i gruppa "Aktiv for Ungdom". Dette er ein fantastisk aktivitet som andre klubbar gjerne kunne kopiert. LC Sandnes /Riska har arrangert sin første "Løvinne for en kveld". Eit vellykka arrangement. LC Haugesund / Tonjer har fått sin bokkiosk i Haraldsgata. Ein telefonkiosk fylt med bøker som skal seljast til inntekt for klubben. Fantastisk marknadsføring av Lions. Me er i gang.

Distriktet

I Distriktet har me hatt årets første rådsmøte og presidenttreffet same helga vil eg påstå vart ein suksess. Takka vere inspirerande foredragshaldarar og engasjerte deltakarar, fekk me det "kick off"-et eg hadde håpa på. Under Distriktsinfo på Distriktet si heimeside (lions.no) finn de ein del av presentasjonane som vart gjennomgått på presidenttreffet. Bruk dei gjerne på eit klubbmøte eller berre for eigen oppdatering og inspirasjon.

9.-10. oktober skal Styre og Råd i Distriktet kursast i "**Guiding Lions**". Etter å ha gjennomgått kurset vil deltakarane kunna bli til god hjelp for klubbar som har ein eller annan form for utfordring, eller for klubbar som ser dei treng inspirasjon til fornying.

Ta gjerne kontakt dersom klubben din har utfordringar eller treng litt fagleg påfyll.

Det er mange gode resurspersonar i Distriktet som meir enn gjerne stiller opp og hjelper til.

Lions sentralt

Siste helga i august var det fagsamling på Gardermoen. Fagsjefane i Distriktet deltok og fekk ny og oppdatert kunnskap som vil koma klubbane til gode.

Der deltok også **LEO klubb Sandnes/Riska** som til stor begeistring imponerte Lions frå heile landet med sitt engasjement. Kjente veldig på kor stolt eg var av desse flotte ungdommane frå Distriktet vårt. Målet er å få oppretta fleire Leo-klubbar. Hugs at LEO er framtida til Lions.

Har du spørsmål om LEO, ta gjerne kontakt med presidenten, Kjell Olav Skretting

på e-post: kjellolav.skretting@hotmail.com.

Julekaravanen til Marijampole i Litauen

Julekaravanen vil bli arrangert i år også men ikkje som tidlegare. På grunn av covid-19 vil det ikkje bli arrangert fellestur. Er begge landa grønne i desember kan det vera at ei lita gruppe reiser. LC Marijampole stiller opp og ordnar med julepresangar til ca 200 barn og kjøper inn matkassar til 50 familiar med litt ekstra godt til jul. Stor takk til LC Marijampole som alltid stiller opp for oss. Tidlegare har lionsmedlemmer kjøpt og gitt julepresangane som me har hatt med oss. I år må me senda pengar så julepresangane kan bli kjøpt i Litauen. Vil du gle eit vanskelegstilt barn med julepresang? Det er kanskje den einaste pakken dei får til jul i år.

Vipps gjerne 621556 , eller bruk bankkonto 1503.50.00973. Hugs at mange bekkar små Til orientering, så får me alltid tilsendt kvitteringar på utlegga klubben har hatt.

Aksjon Libanon

Det har vore ein svært god respons på oppfordringa til klubbar og medlemmer om hjelp etter eksplosjonen i Beirut. Sist veke var det kome inn ca kr 430.000. Eit fantastisk resultat. Lions Norge har allereie nådd målsetninga for aksjonen. Tusen takk til alle som har bidrege.

Fadderbarn i Uganda

Eg vil våga å påstå at Lions Norge har ein dei beste fadderbarnordningane som finnes. Den korte avstanden det er mellom fadder og fadderbarn er ganske unik. Me er mange som har vore på Balikuddembe og besøkt fadderbarna våre og sett kor godt dei blir tekne vare på og følgde opp. I dag er det i dag omlag 300 barn som er tilknytt fadderbarnordninga til Lions Norge. Det som er utfordringa no er at 14 av desse barna manglar fadder og kanskje må avbryta skulegangen. For kr 3600 i året / kr 300 pr måned kan du eller klubben din gje eit barn håp om ei lysare framtid i eit av dei fattigaste landa i Afrika.

Ta kontakt med Lars Tveter , IRC i Distriktet, på epost: lt@ennte.no , om du treng meir informasjon. Han kan også ordna med eit fadderbarn til deg eller klubben din.

Nokre tankar

Lions handlar om å bry seg. " **Kindness matters**" er ein fin leveregel. Kan me medverka til at livet blir litt lettare, håpa for framtida blir litt større, og draumane litt lysare for eit menneske så har me handla i beste Lions-ånd. Dette gjeld både her heime og ikkje minst ute i verda. Det er så mange som treng oss. Det å sjå små barn lida for vaksne sine dårlege val er hjarteskjerande. Me kan ikkje hjelpa alle - men alle kan hjelpa nokon. Svein Berntsen avslutta presentasjonen sin på presidenttreffet med: Har me ei rettferdig fordeling? Lokalt - Nasjonalt - Internasjonalt? Tenk litt på det og ver lojal mot vedtak når de skal bevilga pengar til " Huskelista" no i haust.

Hugs Facebook-sida vår og hald deg oppdatert med å sjekka <https://www.lions.no/> innimellom. Der finn du mykje nyttig informasjon. Ta gjerne kontakt med meg på telefon eller e-post.


Beste lionshelsing frå

Gunnhild Rein Almås

Distriktsguvernør 104C 2020-2021

Telefon 90 79 67 47

c.dg@lions.no



*I'm starting with the man
in the mirror*

*I'm asking him to change
his ways*

*And no message could
have been any clearer*

*If you want to make the
world a better place*

*Take a look at yourself,
and then make a change*

— Michael Jackson -
'Man in the Mirror'



#BE THE CHANGE
you want to see in the world

Burmester - MD27 Wisconsin